



Jotunheimen
nasjonalpark

Den første fjellvandraren!

The first mountain
wanderer



Skyaste dyret utløyer fluktreaksjon for heile flokken når dei vert utsett for forstyrringar. Foto Kjell Nyøygard.
The shyest animal initiates a flight response in the entire herd when they are disturbed.

Villreinen betyr noko helt spesielt for fjellområda i Noreg. Her lever dei siste villreinstammene i Europa, og vi har eit stort ansvar for at dei overlever. Med varsemd, og litt flaks, kan du få auge på dyra.

Villreinen ferdast i flokk mellom sommarbeite, vinterbeite og kalvingsområde – langs trekkvegar dei repeterer år etter år. Om lag 300 dyr lever i vinterflokkene i Vest-Jotunheimen. Om vinteren står dei på dei avblåste ryggane i Hurrungane, der dei kan finne nok lav til å overleve vinteren. På våren og utover sommaren følgjer villreinen snøsmeltinga, på leit etter dei mest næringsrike plantene. For å unngå insektplager er det viktig at reinen har uhindra tilgang til snøfonner og brear på varme sommardagar.

Menneska har jakta på villrein i fleire tusen år, og dyra er difor sky. Dei blir skremde om du kjem for nært, og vil bruke dyrebar energi på å flykte. Stadige forstyrringar kan blokkere trekkruter og hindre simlene i å kome seg til kalvingsområda. Om du er så heldig å få auge på villreinen er det difor viktig at du held god avstand.

The wild reindeer has a very special importance for Norway's mountain regions. These are Europe's last remaining herds of wild reindeer and we have a great responsibility for their survival. With caution and a little luck you can get a glimpse of these animals.

Herds of wild reindeer move between their summer pastures, winter grazing and calving areas – along routes that they use year after year. There are around 300 animals in the winter herd in West Jotunheimen. In the winter they are on the wind-blown ridges of Hurrungane, where they can find enough lichen to survive the winter.

In spring and into summer, the wild reindeer follow the melting snow, looking for the most nutritious plants. It is important for the reindeer to have access to patches of snow and glaciers on warm summer days, so as to avoid insects.

People have been hunting wild reindeer for thousands of years, which is why the animals are wary. If you get too close they will be scared and use up valuable energy in running away. Frequent disturbances can block the migratory routes, preventing females from reaching the calving areas and changing the reindeer's use of the area. If you are lucky enough to glimpse wild reindeer it is therefore important to keep your distance.